



**FINANSTILSYNET**

THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

# ÅRSMELDING

## 2017





## Finansielt utsyn 2018

Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blir behandla i rapporten *Finansielt utsyn 2018*, som blir publisert i juni og november.

# INNHALD

I	<b>LEDELSENS BERETNING</b>	<b>4</b>
II	<b>INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL</b>	<b>7</b>
III	<b>ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT</b>	<b>16</b>
	<b>Måloppnåing</b>	17
	<b>Forbrukarvern</b>	18
	<b>Kvitvasking</b>	20
	<b>Informasjon og kommunikasjon</b>	22
	<b>Internasjonalt samarbeid</b>	26
	<b>Rapport fra tilsynsområdene</b>	29
	Bank og finans	29
	Tilsyn med IKT og systemer for betalingstjenester	37
	Forsikring og pensjon	39
	Verdipapiriområdet	45
	Verdipapirforetak	49
	Fond og kollektive investeringer	51
	Infrastrukturen i verdipapirmarkedet	53
	Atferdsreglene i verdipapirmarkedet	55
	Prospektkontroll – omsettelige verdipapirer	57
	Regnskapstilsyn – noterte foretak	59
	Revisjon	61
	Regnskapsførervirksomhet	65
	Eiendomsmegling	69
	Inkassovirksomhet	72
IV	<b>STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA</b>	<b>75</b>
V	<b>VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER</b>	<b>78</b>
VI	<b>ÅRSREKNESKAP</b>	<b>81</b>



## LEDELSENS BERETNING



# LEDELSENS BERETNING

Finanstilsynets hovedmål er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerende markeder. Nye tilsynsoppgaver og nytt europeisk regelverk skjerper kravet til Finanstilsynets prioritering av tildelte ressurser for å bidra til høyest mulig samlet måloppnåelse. Innenfor oppdraget som er gitt i Finansdepartementets tildelingsbrev, har Finanstilsynet lagt vekt på å skaffe tilstrekkelig rom for kjernevirksomheten, som er risikobasert tilsyn med foretak og markeder. Finanstilsynet har i hovedsak løst oppgavene i tråd med departementets tildelingsbrev og planene som ble lagt for virksomheten.

Den felles europeiske finansreguleringen er svært omfattende og i kontinuerlig endring. Dette stiller store krav til Finanstilsynets oppfølging i det norske finansmarkedet, deltakelse i det europeiske tilsynssamarbeidet og bistand til Finansdepartementet ved gjennomføringen av felles europeisk regulering i norsk lovgivning. Finanstilsynet legger vekt på å unngå at regelverksforvaltning og -utredning i for stor grad skal fortrenge kjernevirksomheten.

Oljeprisfallet i 2014 rammet oljerelaterte næringer sterkt. Smittevirkningene til øvrige deler av økonomien har imidlertid vært begrensede, og i 2017 tok veksten i norsk økonomi seg opp. Svakere kronkurs, finanspolitisk stimulans, lav rente og høy opplåning i husholdningssektoren har bidratt til å holde aktiviteten oppe. Utviklingen i fastlandsøkonomien gjenspeiles i god inntjening i bankene. Netto renteinntekter økte, og samlede utlånstap falt noe fra 2016 til 2017 som følge av lavere nedskrivninger på lån til oljerelaterte næringer. Utdeling i form av utbytte mv. har økt, og en mindre andel av overskuddene holdes nå tilbake sammenlignet med tidligere år. Kapitaldekningen bedret seg likevel noe også i 2017 og gjør bankene bedre rustet til å møte nedgangstider.

Høy husholdningsskjuld og høye boligpriser utgjør en vesentlig risiko for finansiell stabilitet. Siden våren 2017 har boligprisene falt noe. Prisfallet har så langt vært en moderat korreksjon etter en periode med svært høy prisvekst, og boligomsetningen har holdt seg oppe. Den videre utviklingen i boligmarkedet er usikker. Det er en fare for at prisene igjen kan øke, drevet av blant annet økonomisk oppgang, fortsatt lav rente og lett tilgang på kreditt. Økte boligpriser vil øke risikoen i det finansielle systemet.

Finansdepartementets boliglånsforskrift ble strammet inn fra 1. januar 2017. Dette har bidratt til strammere utlånspraksis. Til tross for dette og omslaget i boligmarkedet, har veksten i husholdningenes gjeld holdt seg oppe. Gjelden vokser fortsatt mer enn husholdningenes inntekter, slik at gjeldsgraden øker fra et rekordhøyt nivå. Husholdningsskjulden er dominert av lån med pant i bolig, og lavere boligpriser vil over tid bidra til at husholdningenes gjeldsvekst avtar til et mer bærekraftig nivå.

Markedet for forbrukslån er preget av omfattende markedsføring og mange nyetablerte banker med høye vekstambisjoner. Forbrukslån utgjør en liten del av husholdningsskjulden og har derfor begrenset betydning for finansiell stabilitet. Den fortsatt sterke veksten i denne delen av kredittmarkedet gir likevel grunn til uro, da slike lån kan påføre sårbare husholdninger store belastninger. Virksomheten kan svekke bankenes omdømme, og tapsrisikoen kan være undervurdert. I 2017 ble det iverksatt flere tiltak for å bidra til bedre forbrukerbeskyttelse og lavere risiko. Blant annet fastsatte Finansdepartementet, i tråd med Finanstilsynets forslag, en forskrift om fakturering av kredittkortgjeld, og Finanstilsynet fastsatte retningslinjer for utlånspraksis ved yting av forbrukslån.

I fjor ble det innført nye, omfattende reguleringer på verdipapirområdet. EUs forordning om markedsinfrastruktur (EMIR) ble gjennomført i norsk rett med ikrafttredelse 1. juli 2017. Reguleringen omfatter blant annet pliktig clearing for handel i unoterte derivatkontrakter, krav om rapportering av derivathandler og felles regler for sentrale motparter og transaksjonsregistre. Finanstilsynet skal følge opp at pliktene overholdes av aktører både utenfor og innenfor finansnæringen.

I desember fastsatte Finanstilsynet midlertidige forskrifter som gjennomfører EUs forordning og nye direktiv for verdipapirhandel, henholdsvis MiFIR og MiFID II. Forordningen og direktivet er ennå ikke tatt inn i EØS-avtalen. For å legge til rette for at norske verdipapirforetak og norske markeds plasser får samme rettigheter som europeiske konkurrenter, var det viktig at norsk regulering speilet europeisk regulering da regelverket trådte i kraft i EU fra årsskiftet.



MiFID II inneholder ny, omfattende regulering av handel med varederivater. I tråd med regelverket har Finanstilsynet fastsatt grenser for hvor store derivatposisjoner som kan holdes i kontrakter med varer, som for eksempel kraftleveranser, som underliggende. I tillegg har Finanstilsynet lagt til rette for løpende rapportering av derivatposisjoner, som skal følges opp i tilsynsvirksomheten.

Lavere rente og økt levealder har økt kravene til reserver i pensjonsforsikring med garanterte ytelser. Den økte risikoen og det økte behovet for reserver reflekteres bedre i de nye kravene som følger av Solvens II-regelverket, enn i tidligere solvenskrav. Samlet sett har norske livsforsikringsforetak håndtert disse utfordringene gjennom å redusere kostnadene, akkumulere reserver gjennom tilbakeholdte overskudd og tilpasse investeringsrisikoen til foretakenes risiko-bærende evne. Næringen oppfyller nå de nye solvenskravene med tilfredsstillende margin og er i stand til å betale utbytte til eierne.

Silver Pensjonsforsikring AS var imidlertid ikke i stand til å oppfylle de nye kravene i Solvens II. Finansdepartementet ga foretaket dispensasjon fra solvenskravene fra 1. januar 2016 for å gi det mulighet til å finne en løsning. Da foretaket ikke klarte dette, besluttet Finansdepartementet i februar 2017, i tråd med Finanstilsynets tilrådning, å sette Silver under offentlig administrasjon. Administrasjonsstyret oppnevnt av Finanstilsynet fant at de forsikredes interesser ble best ivaretatt ved å konvertere fripoliser med avkastningsgaranti til fripoliser med investeringsvalg og overføre kundene til et annet livsforsikringsforetak. Løsningen innebar at eierkapitalen gikk tapt, men verdien av forsikringskravene (etter konvertering) på tidspunktet for offentlig administrasjon kunne opprettholdes med tillegg av noe avkastning i perioden fram til porteføljen i januar 2018 ble overført til Storebrand Livsforsikring AS. Løsningen fikk svært stor oppslutning blant Silvers kunder, og den offentlige administrasjonen synes ikke å ha påvirket den alminnelige tilliten til livsforsikringsnæringen.


Ny privat pensjonssparing domineres nå av innskuddsbaserte ordninger, som ikke har livsvarige ytelser og der den enkelte bærer avkastningsrisikoen og dermed risikoen for framtidige tilleggspensjoner. Innskuddspensjonsmidler, både gjennom kollektive og individuelle avtaler, har fått et stort volum og er i sterk vekst. Finanstilsynet vil derfor legge stor vekt på å ivareta god forbrukerbeskyttelse i tilsynet med leverandører av innskuddspensjonsprodukter og forvaltere av verdi-papirfond.

Teknologisk innovasjon og digitalisering har over flere år bidratt til betydelig effektivisering av finansnæringen. Det må forventes at digitalisering og nye forretningsmodeller vil prege næringen også i årene framover. Finanstilsynet legger vekt på å legge forholdene til rette for at teknologiske nyvinninger og digitalisering kan tas i bruk, både av aktører innenfor den tradisjonelle finansnæringen og av nye aktører med andre forretningsmodeller. Det er samtidig viktig at samfunnets behov for finansiell stabilitet, trygge tjenester og god kundebeskyttelse blir ivaretatt. For å oppnå dette, bør lik risiko behandles likt, uavhengig av forretningsmodell. I regelverksforvaltningen og i tilsynspraksisen legger derfor Finanstilsynet vekt på at aktører med nye forretningsmodeller etterlever relevante regulatoriske krav som stilles til tjenestene som tilbys.

Oslo, 27. februar 2018

**Endre Skjørestad**  
styreleder

**Morten Baltzersen**  
finansstilsynsdirektør



# INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL



# INTRODUKSJON TIL VERKSEMMA OG HOVUDTAL

Finanstilsynet har tilsyn med bankar, finansieringsføretak, kredittføretak, e-pengeføretak, betalingsføretak, forsikringsføretak, pensjonsføretak og -fond, forsikringsformidlarar, verdipapirføretak, forvaltningsselskap for verdipapirfond, forvaltarar av alternative investeringsfond, regulerte marknader (inkl. børsar), verdipapirregister, eigedomsmeklingsføretak, inkassoføretak, rekneskapsførarar og revisorar. I tillegg har Finanstilsynet kontroll med prospekt, den finansielle rapporteringa til noterte føretak og marknadsåtferda i verdipapirmarknaden.

## Lovgrunnlag

Finanstilsynet sitt formål er etter finanstilsynslova (§ 3) det følgjande:

*«Tilsynet skal se til at de institusjoner det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for institusjonens opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at institusjonene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbrukernes interesser og rettigheter.»*

## Strategi

Finanstilsynet gjennomgår kvart fjerde år strategien for verksemda. Strategien er eit viktig grunnlag for løpande prioritering og styring av verksemda til tilsynet og er saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet utgangspunktet for årlege planar for verksemda. Strategien for perioden 2015–2018 blei fastsett av styret til Finanstilsynet 14. desember 2014.

## Hovudmål

Hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

## Delmål 2015–2018

For lettare å kunne operasjonalisere hovudmåla og evaluere verksemda, er det formulert fem delmål:

1. Solide og likvide finansføretak
2. Robust infrastruktur
3. Investørvern
4. Forbrukarvern
5. Effektiv krisehandtering

## Leiing

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret har fem medlemmer. Medlemmene og varamedlemmene blir oppnemnde av Finansdepartementet for ein periode på fire år.

Den daglege leiinga blir utført av finanstilsynsdirektøren, som blir oppnemnd av Kongen i statsråd for eit åremål på seks år. Morten Baltzersen, som har vore finanstilsynsdirektør sidan 15. august 2011, blei i mai oppnemnd på nytt som finanstilsynsdirektør for ein periode på seks år frå 15. august 2017. Direktøren rådfører seg med ei leiargruppe som består av avdelingsdirektørane for tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonssjefen.





## Styresamansetnaden i 2017 var slik:

### **Endre Skjørestad**

*leiar*

Advokat/partnar – Haver Advokatfirma AS

### **Giuditta Cordero-Moss**

*nestleiar*

Professor – Institutt for privatrett,  
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

### **Mette Bjørndal**

*styremedlem*

Professor – Institutt for føretaksøkonomi,  
Noregs Handelshøgskole

### **Eirik Wærness**

*styremedlem*

Direktør/sjeføkonom – Statoil ASA

### **Arne Skauge**

*styremedlem*

Pensjonist, tidlegare administrerande direktør  
i Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)

### **Thorunn Falkanger**

*første varamedlem*

Førstelektor – Institutt for rettsvitenskap  
og styring, Handelshøgskolen BI

### **Kjetil Wibe**

*andre varamedlem*

Advokat – Advokatene Rege & Wibe

### **Sindre Weme**

*observatør*

Direktør i bankanalyse – Noregs Bank

### **Henrik Borchgrevink**

*varaobservatør*

Direktør i makrotilsyn – Noregs Bank

## Styret

To representantar som er valde av og blant dei tilsette, deltek i styrebehandlinga av administrative saker. Fram til 1. mars 2017 var dei tilsette sine representantar desse:

Tilsynsrådgivar

**Anders S. Hole**

Tilsynsrådgivar

**Gry Evensen Skallerud**

Vararepresentantar var spesialrådgivar

**Inga Baadshaug Eide** og seniorkonsulent

**Anne Nybohm.**

Frå 1. mars 2017 var dei tilsette sine representantar desse:

Tilsynsrådgivar

**Inga Baadshaug Eide**

Spesialrådgivar

**Johan Fredrik Øhman**

Vararepresentantar var spesialrådgivar

**Hege Bunkholt Elstrand**, seniorrådgivar

**Kaja Solli** og spesialrådgivar **Elise Ødegård.**

I 2017 hadde styret elleve ordinære styremøte og to ekstraordinære telefonstyremøte.

Styret avgjorde 31 administrative saker og 74 fagsaker. I tillegg fekk styret 35 administrative saker og 41 fagsaker til skriftleg orientering. Styret får òg munnleg orientering om aktuelle saker.

Frå venstre:

Arne Skauge

Giuditta Cordero-Moss

Inga Baadshaug Eide

Eirik Wærness

Mette Bjørndal

Thorunn Falkanger

Endre Skjørestad

Kjetil Wibe

Johan Fredrik Øhman

Henrik Borchgrevink

Foto:

Jarle Nytingnes



## Leiargruppa i Finanstilsynet

**Morten Baltzersen**  
*Finanstilsynsdirektør*

**Emil R. Steffensen**  
*Direktør for bank- og forsikringstilsyn*

**Anne Merethe Bellamy**  
*Direktør for marknadstilsyn*

**Cecilie Ask**  
*Juridisk direktør*

**Gun Margareth Moy**  
*Administrasjonsdirektør*

**Kjetil Karsrud**  
*Kommunikasjonsdirektør*

Sjå utfyllande informasjon i kapittel IV  
Styring og kontroll i verksemda, side 75.

Frå venstre:  
Anne Merethe Bellamy  
Gun Margareth Moy  
Kjetil Karsrud  
Morten Baltzersen  
Cecilie Ask  
Emil R. Steffensen

Foto:  
Jarle Nytingnes



## Personale og organisasjon

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg for å vidareutvikle organisasjonen i tråd med nasjonale føringar og eigne behov. Prioritering, effektiv saksbehandling, rett kompetanse og fleksibel bruk av personalressursane er sentrale område.

Finanstilsynet legg vekt på tiltak for å rekruttere, behalde og vidareutvikle dyktige medarbeidarar og leiarar. Verksemda oppnår gode resultat på målingar av attraktivitet blant økonomi- og jusstudentar. Det blir lagt til rette for kompetanseutvikling av medarbeidarar, og i 2016–2017 blei eit program for medarbeidarskap og ei medarbeidarundersøking gjennomført.

Verksemda til Finanstilsynet krev både tverrfagleg kompetanse og spisskompetanse på dei ulike tilsynsområda. Avdelingane har kompetente medarbeidarar med god bransjekunnskap. Dei største utdanningsgruppene er samfunns- og siviløkonomar, juristar og revisorar. Det har vore ein auke i utskiftinga dei seinare åra, og tilsynet hadde i 2017 ei utskifting på 9,4 prosent, mot 7,5 prosent i 2016 og 5,9 prosent i 2015.

Finanstilsynet er ei IA-verksemd og legg vekt på å førebyggje sjukefråvær og arbeide for mangfald og ein god seniorpolitikk. Sjukefråværet var i 2017 på 3,4 prosent, mot 3,9 prosent både i 2016 og i 2015. I 2017 blei det gjennomført frivillige helseundersøkingar i regi av bedriftshelsetenesta med vekt på sunne livsstils- og aktivitetsvanar.

## Fakta

*Talet på medarbeidarar har auka med seks faste stillingar, og talet på fast tilsette var 276 og talet på årsverk 271 ved utgangen av 2017. Av dei fast tilsette er 53 prosent kvinner. I leiargruppa var det lik fordeling av kvinner og menn ved utgangen av 2017. Av alle som har leiaransvar, var 52 prosent menn.*


*Lønna til direktøren var 1 610 000 kroner ved utgangen av 2017. Fast årleg honorar til styreleiaren var 262 000 kroner, til nestleiareren 177 000 kroner og til styremedlemmene 153 000 kroner. Til første varamedlem var honoraret 129 000 kroner, og til andre varamedlem var det 108 000 kroner.*

**Tabell 1: Hovudtal**

	2016	2017
Tal på årsverk	264	271
Samla tildeling post 01–99	Kr 374 268 000	Kr 378 678 000
Utnyttingsgraden på post 01–29	98,32 prosent	97,94 prosent
Sum utbetalingar til drift	Kr 355 771 766	Kr 352 305 231
Lønnsdel av utbetalingar til drift	74,26 prosent	72,89 prosent
Lønn per årsverk	Kr 1 000 808,43	Kr 947 644,35



Figur 1: Dokumentbehandling



	2015	2016	2017
Saksdokument totalt	45 195	49 143	51 527

Talet på registrerte saksdokument til og frå Finanstilsynet auka med nesten 2400 frå 2016 til 2017. Talet på registrerte saksdokument knytte til fondsområdet heldt

fram med å auke i 2017. Årsaka til dette er ei utviding av tilsynsområdet til å gjelde forvaltarar av alternative investeringsfond (AIFM).

**Tabell 2: Oversikt over foretak under tilsyn per 31.12.2017**

	2013	2014	2015	2016	2017
Sparebankar	106	105	104	125	126
Forretningsbankar	18	19	22		
Finansieringsforetak	54	55	57	25	24
Kredittforetak**				34	33
Filialar i utlandet av norske bankar og andre kredittinstitusjonar	17	18	7	18	18
Filialar i Noreg av utanlandske bankar og kredittinstitusjonar	42	40	41	39	39
Sparebank- og finansstiftingar	25	25	25	30	33
Betalingsforetak	21	14	15	15	19
E-pengeforetak	2	3	4	6	7
Livsforsikringsforetak	12	13	13	13	12
Skadeforsikringsforetak, inkl. brannkassar***	59	59	60	59	58
Sjøtrygdslag	11	10	9	6	6
Filialar i utlandet av norske forsikringsforetak	15	15	13	13	13
Filialar i Noreg av utanlandske forsikringsforetak	34	31	32	29	29
Forsikringsformidlingsforetak <sup>1</sup>	97	102	102	107	107
Private pensjonskassar	51	52	49	48	47
Kommunale pensjonskassar	33	38	39	39	37
Innskotspensjonsforetak			1	1	1
Pensjonsfond	5	4	4	4	1
Holdingforetak	12	11	14	17	13
Verdipapirforetak	129	106	114	107	106
Filialar i Noreg av utanlandske verdipapirforetak	21	22	22	19	19
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	31	30	30	31	29
Forvaltningar av alternative investeringsfond (AIFM)			15	35	37
Sentrale motpartar (tidl. oppgjerssentralar) <sup>2</sup>	3	4	3	4	-
Verdipapirregister	1	1	1	1	1
Regulerte marknader, inkl. børsar	4	5	5	5	5
Revisorar	6 973	7 191	7 380	7 570	7 807
Revisjonsselskap	563	533	516	488	447
Rekneskapsførarar	11 611	11 500	11 558	11 185	11 350
Rekneskapsførarselskap	2 853	2 858	2 835	2 785	2 827
Eigedomsmeklarforetak	508	499	500	503	510
Advokatar med eigedomsmekling i eigen praksis	1 325	1 278	1 238	1 164	1 160
Inkassoforetak	98	98	100	103	99
Oppkjøpsforetak	5	4	4	3	7

<sup>1</sup> Forsikringsagentforetak som distribuerer forsikringar berre for forsikringsforetak med kontorstad i Noreg, er ikkje inkluderte i denne oversikta. Aksessoriske forsikringsagentar, det vil seie foretak som har forsikringsformidling som ei sideverksemd, er heller ikkje inkluderte.

<sup>2</sup> Etter ei endring i verdipapirhandellova 1. juli 2017 og med innføring av det europeiske infrastruktur- og marknadsdirektivet (EMIR) er ikkje lenger utanlandske sentrale motpartar under tilsyn av Finanstilsynet. Sentrale motpartar kan likevel halde fram med å drive verksemd i Noreg i kraft av å ha løyve etter EMIR frå eiga heimlandsmyndigheit. Sjå omtale side 48.

\* Frå 2016 blir forretningsbankar og sparebankar rekna saman i kategorien «bankar».

\*\* Frå 2016 er kategorien «finansieringsforetak» delt i kategoriane «finansieringsforetak» og «kredittforetak».

\*\*\* Frå 2016 er brannkassar inkluderte i skadeforsikringsforetak.

Finanstilsynet har i tillegg kontroll med den finansielle rapporteringa til 260 noterte foretak og fører tilsyn med 415 verdipapirfond. I tillegg blir det ført avgrensa tilsyn med 89 registrerte forvaltningar av alternative investeringsfond (AIFM).

#### Vurderingar av om leiingar i foretak under tilsyn er eigna

På alle tilsynsområde vurderer Finanstilsynet om leiande tilsette i foretak under tilsyn er eigna. Talet på saker varierer frå år til år, men som eit døme gjennomførte Finanstilsynet i 2017 136 vurderingar av om leiande tilsette i verdipapirforetak var eigna.

**Tabell 3: Stadlege tilsyn fordelt på føretakstypar – inkludert IT-tilsyn**

	2013	2014	2015	2016	2017
Bankar og finans	63	67	54	53	42
Betalingsføretak og e-pengeføretak	–	1	1	3	–
Livsforsikringsføretak	4	3	3	4	7
Skadeforsikringsføretak	4	10	6	8	9
Forsikringsformidlingsføretak	5	3	2	3	5
Pensjonskassar og -fond	5	3	2	2	3
Verdipapirføretak	12	11	17	8	12
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	3	3	2	2	–
Infrastrukturføretak	–	–	1	4	3
Revisorar	55	29	40	32	41
Rekneskapsførarar	46	50	43	40	57
Eigedomsmeklarar	43	32	37	29	25
Inkassoføretak	11	3	6	7	6



# Finanstilsynet sin organisasjon

Oppdatert per 31.12.2017





## ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

### Måloppnåing

### Forbrukarvern

### Kvitvasking

### Informasjon og kommunikasjon

### Internasjonalt samarbeid

### Rapport fra tilsynsområdene:

Bank og finans

Tilsyn med IKT og systemer for betalingstjenester

Forsikring og pensjon

Verdipapirområdet

Verdipapirforetak

Fond og kollektive investeringer

Infrastrukturen i verdipapirmarkedet

Atferdsreglene i verdipapirmarkedet

Prospektkontroll – omsettelige verdipapirer

Regnskapstilsyn – noterte foretak

Revisjon

Regnskapsførervirksomhet

Eiendomsmegling

Inkassovirksomhet





# ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

## Måloppnåing

Finanstilsynet har tilsyn med ei rekkje føretak og marknader. Den løpande ressursbruken innanfor dei ulike tilsynsområda vil variere med utviklinga i marknadene og rammevilkåra for føretaka nasjonalt og internasjonalt. Finanstilsynet utarbeider årleg ein plan for verksemda der tiltak og oppgåver blir utarbeidde for kvart delmål frå strategien. Finansdepartementet sine prioriterte oppgåver blir òg dekte av tiltaka og oppgåvene.

Finanstilsynet sin strategi 2015–2018 inneheld hovudmål og delmål. Nærmare mål for verksemda i det enkelte året er fastsette i tildelingsbrevet frå Finansdepartementet.

Måla er i hovudsak kvalitative effektmål for føretak og marknader under tilsyn. Måloppnåinga vil avhenge av fleire avgjerdstakrarar og forhold enn dei verkemidla som blir forvalta av Finanstilsynet.

Gjennomføringa av dei enkelte tiltaka og oppgåvene som er beskrivne i planen for verksemda, er eit viktig grunnlag for å vurdere måloppnåinga. Dette blir omtalt i ein eigen rapport til Finansdepartementet. Finanstilsynet har i hovudsak gjennomført dei tiltaka og oppgåvene som var planlagde for 2017.



## Forbrukarvern

Forbrukarvern er eit viktig omsyn i utviklinga av regelverket for finansmarknaden og i tilsynet med aktørane som tilbyr finansielle tenester. Regelverksutviklinga og tilsynet skal tryggje interessene til forbrukarane når dei kjøper finansielle tenester.

Endringar i regelverket og i tilsynet med føretak som har som formål å forbetre stillinga til forbrukarane og kunden ved kjøp av finansielle tenester, er derfor blitt ein stadig viktigare del av arbeidet i Finanstilsynet.

Forbrukarvern står sentralt i lovreguleringa av finansmarknaden og i tilsynet med ulike tilbydarar av finansielle tenester innanfor bank-, forsikrings- og verdipapirmarknaden. Solide og likvide finansføretak og velfungerande finansmarknader er grunnleggjande forbrukarinteresser, både for fellesskapet og for enkeltmennesket. Samtidig er det viktig at forbrukarane har eit godt vern når dei kjøper og sel finansprodukt og eigedom, og at dei kan basere avgjerdene sine på god informasjon og nøytral rådgiving.

Finanstilsynet samarbeider mellom anna med Forbrukartilsynet (tidlegare Forbrukarombodet), Forbrukarrådet og Konkurransetilsynet for å betre forbrukarvernet i den finansielle sektoren.

Forbrukarvern er ei viktig oppgåve i finanstilsynet i andre land og i internasjonal verksemd òg, og Finanstilsynet samarbeider nært med dei europeiske tilsynsmyndigheitene når nytt forbrukarrelatert regelverk skal utviklast.

## Forbrukslån i 2017

Låna til norske hushald er i stor grad tekne opp med pant i bustad, men prosentdelen forbrukslån har auka. Forbrukslån kjem i form av ulike produkt og omfattar både kortbaserte lån og andre forbrukslån utan sikring. Den effektive renta varierer mykje, avhengig av lånebeløp og nedbetalingstid, men er gjennomgåande høg. Forbrukslån utan sikring utgjorde i overkant av 3 prosent av dei samla låna i norske hushald ved utgangen av 2017, men rentene av forbrukslåna utgjorde 14 prosent av dei totale rentekostnadene.

Norske myndigheiter gjennomførte fleire tiltak for å dempe veksten i forbrukslån i 2017. Justis- og beredskapsdepartementet fastsette i april nye reglar om marknadsføring av forbrukslån. Lov om gjeldsinformasjon ved kredittvurdering av privatpersonar (gjeldsinformasjonslova) tok til å gjelde i 2017, men foreløpig er det ikkje etablert noko gjeldsregister. I april fastsette Finansdepartementet forskrift om fakturering av kredittkortgjeld. Forskrifta byggjer på tidlegare retningslinjer frå Finanstilsynet.

Finanstilsynet har fastsett retningslinjer for forsvarleg utlånspraksis for forbrukslån (sjå rundskriv 5/2017). Retningslinjene stiller krav til mellom anna betenings- evne, maksimal samla gjeldsgrad og avdragsbetaling. Dei skal bidra til forbrukarvern ved å redusere faren for at lånekundar tek på seg gjeld som dei ikkje er i stand til å betene, og dei skal bidra til solide finansføretak og tillit til finansnæringa. Retningslinjene gjeld for norske finansføretak og filialar av utanlandske finansføretak, og dei omfattar usikra kreditt, inkludert kreditt knytt til kreditt- og betalingskort. I 2018 vil tilsynet følgje opp at føretaka etterlever retningslinjene.

## Aktuelle forbrukarsaker:

### Oppfølging av bustadlånforskrifta

Finanstilsynet har innhenta dei kvartalsvise styre- rapportane om etterleving av bustadlånforskrifta frå 23 bankar og filialar. Rapportane viser prosentdelen innvilga lån som ikkje oppfyller forskrifta sine krav til betenings- evne, gjeldsgrad, lånegrad eller avdragsbetaling. Sjå omtale på side 33.

### Bustadlånundersøkinga 2017

I bustadlånundersøkinga opplyste dei 30 største bankane (målt etter marknadsdel for bustadlån) at det blei gitt nær 8000 nye nedbetalingslån og rammekredittar med pant i bustad etter 15. august 2017. Bankane i utvalet har ein samla marknadsdel på om lag 90 prosent av utlån med pant i bustad i Noreg. Sjå omtale på side 33.

### Tilsyn med forbrukslån

Finanstilsynet kartlegg regelmessig verksemda til eit utval bankar og finansieringsføretak som driv med forbruksfinansiering. Utvalet består av 27 føretak og dekkjer hovuddelen av den norske marknaden. Sjå omtale på side 32.

### Finansavtalelova

Hausten 2017 sende Justis- og beredskapsdepartementet ut på høyring eit forslag om endringar i finansavtalelova. Forslaget skal gjennomføre tre EU-direktiv i norsk rett. Det er òg foreslått viktige endringar som ikkje er omfatta av EU-reglar. Hovudgrunnen til endringane er forbrukaromsyn. I høyringsfråsegna støttar Finanstilsynet omsyna bak lova, men er kritisk til forslaget om å utvide verkeområdet til lova og til fleire av dei foreslåtte føresegnene som ikkje følgjer av EU-reglane.

### Lånebasert folkefinansiering

I eit brev til Finansdepartementet i februar 2017 gjorde Finanstilsynet greie for korleis det vurderer marknaden for, og reguleringa av, folkefinansiering (crowdfunding). I rundskriv 10/2017 gir Finanstilsynet ei oversikt over kva konsesjonskrav som gjeld ved slik folkefinansiering.



### **System for betalingstenester**

I 2017 kom det mange fleire meldingar om driftsproblem i betalingssystema til bankane enn før. Finanstilsynet følgjer dette tett opp for å bidra til stabile betalingsstenester for brukarane. Sjå omtale på side 37.

### **Nytt verdipapirhandelregelverk med meir vekt på forbrukarvern**

I desember 2017 fastsette Finanstilsynet forskrift om verdipapirføretak, regulerte marknader, data-rapporteringstenester og handel i varederivat og utsleppskvotar (MiFID II-forskrifta) og forskrift om reglar tilsvarande forordning om marknader for finansielle instrument (MiFIR-forskrifta). Med det europeiske MiFID II-regelverket blir forbrukarvernet styrkt. Sjå omtale på side 47.

### **Løpande forbrukartilsyn**

I 2017 var det fleire saker med tilbakekall av konsesjonar for forsikringsformidlarar som har formidla lite eigna produkt frå utanlandske livsforsikringsføretak.

Finanstilsynet la i 2017 vekt på investorvern, og gjennom stadlege tilsyn følgde Finanstilsynet opp at verdipapirføretaka etterlever føresegnene om god forretningsskikk.

I tilsynet med forvaltningsselskap for verdipapirfond og forvaltarar av alternative investeringstenester følgde

Finanstilsynet særleg opp tidlegare tematisyn om aktiv forvaltning av fond og marknadsføring av alternative investeringsfond (AIF) til ikkje-profesjonelle investorar.

I tilsynet med eigedomsmeklarføretaka prioriterer Finanstilsynet å følgje opp at kjøp og sal av bustad- og fritidseigedommar skjer på ein sikker og effektiv måte for forbrukarane. Finanstilsynets tematisyn om såkalla off market-sal er eit døme på dette. Sjå omtale på side 70.

Tilsynet med inkassoføretak er retta mot føretak som ein mistenkjer ikkje følgjer krava til god inkassoskikk. Det kan føre til tap eller auka kostnader for forbrukarane.

### **Ulovleg investeringstenesteverksemd**

Finanstilsynet såg i 2017 fleire saker knytte til ulovleg investeringstenesteverksemd. Føretak utan nødvendig løyve hadde selt overprisa aksjar og partar i eigedoms-selskap til forbrukarar. Fem føretak fekk pålegg om å stanse verksemda. Eitt føretak avslutta verksemda etter at tilsynet stilte spørsmål ved henne.

Det blei publisert fem åtvaringar mot norske føretak og fem åtvaringar mot utanlandske føretak som har tilbydd investeringstenester i Noreg utan løyve. I tillegg publiserte Finanstilsynet 315 åtvaringar frå utanlandske tilsynsmyndigheiter som gjaldt føretak som yter investeringstenester i EU/EØS utan løyve.



# Kvitvasking

## Generelt

Formålet med kvitvasking er å skjule opphavet til utbyte frå straffbare handlingar. Kvitvasking er kjenneteikna ved at slikt utbyte blir integrert i den lovlege økonomien og dermed verkar legitimt. Finansiering av terror er medverknad til ei terrorhandling eller medverknad til å halde oppe ein terrororganisasjon. Mange av dei rapporteringspliktige etter kvitvaskingsregelverket er under tilsyn av Finanstilsynet.

Føretak under tilsyn skal førebyggje og avdekkje transaksjonar som har tilknytning til utbyte av straffbare handlingar eller terrorfinansiering. Finanstilsynet følgjer opp etterlevinga av reglane som skal hindre kvitvasking (kvitvaskingsregelverket) som ein del av ei rekkje stadlege tilsyn. Det gjeld på alle tilsynsområda. Tilsynssakene som er omtalte nedanfor, er reine kvitvaskingstilsyn eller tilsyn der Finanstilsynet har meint at det er klare svake punkt ved korleis føretaka har følgd opp regelverket. På nokre punkt blir det òg omtalt tilsyn der kvitvasking har vore eitt av fleire tema.

## Tilsynsoppfølging

### Bankar

Kontroll av etterlevinga av kvitvaskingsregelverket var ein del av tre fjerdedelar av dei generelle stadlege tilsyna i 2017. Identifisering og oppdatering av reelle rettshavarar og avdekking av kva opphav midlar har, er problemstillingar som blei tekne opp med fleire av bankane. Bankane blei òg oppfordra til å inkludere risiko for kvitvasking i dei ordinære kreditnotata sine. Finanstilsynet har peikt på manglar ved risikoanalysane til bankane og styrerapportering om etterleving av kvitvaskingsregelverket.

Finanstilsynet gjennomførte kvitvaskingstilsyn i DNB Bank ASA i desember 2016. Tilsynet omfatta korrespondentbankforbindelsane og transaksjonsovervakingsystema til banken. Finanstilsynet konkluderte med at måten banken retta seg etter kvitvaskingsregelverket på, var mangelfull og kritikkverdig.

Finanstilsynet har hatt møte med den norske filialen av Nordea om oppfølging av kritikken som Nordea Bank AB har fått frå Finansinspektionen i Sverige om etterleving av kvitvaskingsregelverket. Behovet for eventuelle vidare tiltak vil bli vurdert i 2018.

### Verdipapirføretak

På stadlege tilsyn i verdipapirføretak har ein sett på kontrollfunksjonen til føretaka og organiseringa av kontrollfunksjonen. Kundekontrollen til føretaka og kontrollen med korleis kvitvaskingsregelverket faktisk blei etterlevd, blei òg følgd opp.

Etter tilsyn i Sbanken (tidlegare Skandiabanken) konkluderte Finanstilsynet med at kundekontrollen til banken ikkje har vore i samsvar med kvitvaskingslova. Finanstilsynet meinte at det var alvorlege manglar ved kvitvaskingskontrollen til banken, med manglande medvit og prioritering av kontrollarbeidet. Sbanken har opplyst at dei vil forsterke rutinane og kontrolltiltaka for å sikre korrekt og fullstendig identifikasjonskontroll for kundane.

### Betalingsføretak

I 2016/2017 blei det gjennomført stadlege tilsyn i to betalingsføretak. I tilsyna såg ein på korleis føretaka rettar seg etter kvitvaskingsregelverket. I begge tilfella blei det avdekt alvorlege feil og manglar knytte til etterlevinga av kvitvaskingsregelverket. I føretaket International Money Transfer AS resulterte det i kritikk. I føretaket Iftin Express Michael Duale resulterte det i tilbakekall av konsesjonen.

### E-pengeføretak

Det blei gjennomført eitt stadleg tilsyn i e-pengeføretaket Schibsted e-payment i 2016/2017 knytt til føretaket sitt arbeid for å hindre kvitvasking og terrorfinansiering gjennom manuelle og elektroniske kunde- og transaksjonskontrollar. Det blei avdekt enkelte manglar som føretaket retta opp.

### Eigedomsmekling

I november–desember 2016 gjennomførte Finanstilsynet tematiske tilsyn i elleve eigedomsmeklingsføretak om etterleving av kvitvaskingsregelverket. Tilsynet avdekte store variasjonar i art og omfang av iverksette tiltak mot kvitvasking. Enkelte føretak hadde verken vurdert risikoen for å bli misbrukt til kvitvasking eller etablert noka form for kontrollrutinar for etterleving av kvitvaskingsregelverket. Desse føretaka vil bli følgde opp i 2018. Samlerapporten med endelege merknader frå mars 2017 er tilgjengeleg på nettstaden til Finanstilsynet.

### Revisjon

Ordinære stadlege tilsyn i revisjonsselskapa har avdekt at vurderinga av risikoen for at klienten kan vere involvert i kvitvasking, har vore for svak. Det er òg avdekt svake punkt ved korleis revisjonsselskapa følgjer opp at kvitvaskingsrutinane til klientane (selskapa) blir etterlevde.

### Rekneskapsførarar

Finanstilsynet har gjennomført tematiske tilsyn om kva plikter den oppdragsansvarlege rekneskapsføraren har til å vurdere risiko og kontrollere identiteten til oppdragsgivarane etter kvitvaskingsregelverket. Rapporten frå tilsynet vil bli ferdigstilt i 2018.

### Nytt kvitvaskingsregelverk

Endringane i kvitvaskingsregelverket tok til å gjelde 1. juli 2017. Det blei innført ei beløpsgrense for kontantbetaling til forhandlarar av gjenstandar på 40 000 kroner, og det blei etablert ei autorisasjons- og tilsynsordning for dei som tilbyr verksemdstenester. Finanstilsynet er



autorisasjonsmyndigheit og skal ha tilsyn med at slike tilbydarar følgjer kvitvaskingsregelverket. Finanstilsynet har publisert informasjon om dei nye reglane på nettstaden sin mens dei ventar på å ferdigstille søknads-skjema. I 2018 vil det bli gitt ein frist for å søkje autorisasjon som verksemdstenestetilbydar.

#### **Rettleiing**

Finanstilsynet vidareutvikla temanettsida om kvitvasking på [Finanstilsynet.no](http://Finanstilsynet.no) i 2017. Rapportar frå tilsyn i føretaka

om etterleving av kvitvaskingsregelverket blir publiserte fortløpande. I tillegg er det publisert brev om pliktene føretaka har når kundeforhold blir etablerte.

I tillegg til det generelle rundskrivet om kvitvaskingsreglane og rundskrivet om pliktene til eigedomsmeklarføretaka, publiserte tilsynet i 2017 to rundskriv om pliktene revisorar og revisjonsselskap og rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap har etter kvitvaskingsregelverket.



## Informasjon og kommunikasjon

Informasjon og kommunikasjon er eitt av dei fire strategiske verkemidla i tilsynsarbeidet. Dei tre andre er 1) tilsyn, overvaking og kontroll, 2) forvaltning og 3) regelverksutvikling. Informasjonstiltaka rettar seg i første rekkje mot føretaka og bransjane som Finanstilsynet har tilsyn med, men òg mot media og allmenta.

Finanstilsynet har mange ansvarsområde med omfattande regelverk og komplekse saksforhold som krev aktiv informasjonsverksemd. Arbeidet med informasjon og kommunikasjon følgjer prinsippa i den statlege kommunikasjonspolitikken, mellom anna ved at ansvaret følgjer leiaransvaret på dei ulike fagområda. Ein eigen strategi for ekstern kommunikasjon er òg ein del av grunnlaget for kommunikasjonsverksemda.

### Kommunikasjon retta mot føretak og bransjar

Finanstilsynet er avhengig av å ha tillit hos dei det blir ført tilsyn med, og i samfunnet elles. Derfor må det vere høg kvalitet på tilsynsverksemda og tydeleg og konsekvent kommunikasjon. God kommunikasjon med marknadsaktørane, bransjeorganisasjonane, ulike myndigheiter, media og samfunnet elles er viktig for at Finanstilsynet skal kunne løyse samfunnsoppdraget sitt.

Ein av dei viktigaste kanalane for kommunikasjon med føretak og personar under tilsyn er brev frå Finanstilsynet. I 2017 blei det sendt ut til saman 20 040 brev (utgåande dokument). Til samanlikning blei det sendt ut 18 378 brev i 2016. Det er ei sentral målsetjing i all kommunikasjon og informasjon at språket skal vere klart og forståeleg for mottakarane.

Presiseringar av regelverk, rapporteringsvarsel og saker som føretaka og bransjane må ta omsyn til, blir oftast formidla gjennom rundskriv. I 2017 distribuerte Finanstilsynet 17 rundskriv, mot 24 i 2016. Rundskriva frå Finanstilsynet blir òg publiserte på Lovdata Pro.

### Seminar og foredrag

Ein viktig del av Finanstilsynet sin kommunikasjon med bransjane skjer gjennom seminar og foredragsverksemd. Leiarane og dei tilsette i tilsynet held ei rekkje foredrag på seminar og konferansar i regi av verksemdar under tilsyn, bransjeorganisasjonar o.a.

### Samarbeid

Finanstilsynet har eit omfattande kontaktnett og har faste møte med mellom anna samarbeidande myndigheiter både i Noreg og internasjonalt og med ulike bransje- og interesseorganisasjonar. Sjå relasjonsskartet på side 25. Finanstilsynet gjennomfører brukarundersøkingar med jamne mellomrom, og hausten 2017 blei det gjennomført ei ny brukarundersøking blant føretak under tilsyn. Sjå omtale av resultatata på side 24.

### Generell informasjonsverksemd

Finanstilsynet distribuerte 21 pressemeldingar i 2017, mot 28 i 2016. Det blei arrangert tre pressekonferansar, som òg blei overførte på nett-TV. Tilsynet la vidare fram juni- og novemberutgåvene av rapporten *Finansielt utsyn 2017*. Desse rapportane analyserer og vurderer utviklinga og risikoen i finansmarknaden og moglege kjelder til framtidige stabilitetsproblem i den norske finanssektoren. I april la tilsynet fram rapporten *Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)* om bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i finanssektoren, og i oktober presenterte tilsynet ein tematilsynsrapport om korleis noterte føretak bruker alternative resultatmål og etterlever retningslinjer.

Mediedekninga av Finanstilsynet var i 2017 prega av den sterke auken i forbrukslån og talet på bankar som tilbyr slike lån. Omtalen av hushalda si gjeld, bustadprisane og bustadlånforskrifta heldt fram gjennom heile 2017. Situasjonen i fripoliseselskapet Silver Pensjonsforsikring AS, som blei sett under offentleg administrasjon i februar 2017, fekk òg mykje merksemd. Finanstilsynet fekk mange spørsmål frå pressa om kryptovalutaer, folkefinansiering og såkalla FinTech-verksemd. Medieovervakingsselskapet M-Brain registrerte 4391 oppslag der Finanstilsynet var nemnt, mot 6385 oppslag i 2016.



## Dokumentinnsyn hos Finanstilsynet

I 2017 fekk Finanstilsynet førespurnader om innsyn i til saman 3379 dokument. 873 dokument blei ikkje utleverte fordi dei var heilt unnatekne frå offentleg innsyn. Dei fleste innsynsbestillingane kjem via den offentlege elektroniske postjournalen elnnsyn.no, som er felles for statlege etatar.

**Tabell 4: Innsynskrav – dokument**

	2015	2016	2017
Bestillingar	2 615	2 116	3 379
Ikkje utleverte	520	714	873

## Nettstaden til Finanstilsynet

Nettstaden til Finanstilsynet, [Finanstilsynet.no](http://Finanstilsynet.no), er hovudkanalen for informasjon frå Finanstilsynet. Der finst informasjon om regelverk, konsesjonskrav, tilsyn, rapportering o.a. for dei ulike verkeområda. På nettstaden blir rapportar, analysar, regelverk, aktuelle saker, rundskriv og pressemeldingar publiserte. Sentrale lover og forskrifter på engelsk er òg tilgjengelege på nettstaden.

Ein nyutvikla versjon av nettstaden blei lansert 19. april 2017. Det var noko forseinka i forhold til den planlagde lanseringa 1. november 2016. Den nye nettstaden er ei

moderne, sikker og mobiltilpassa nettløysing som gjer det enklare for brukarane å finne relevant informasjon gjennom betre søk og enklare navigasjon, struktur og tydelegare inngangar til dei ulike emna og tilsynsområda. Arbeidet med å oppgradere nettstaden er basert på tilbakemeldingar frå brukarane og held fram i 2018.

Det samla talet for besøk på den førre nettstaden og den nye i 2017 var 583 000. Om lag 21 prosent av besøka kjem frå brukarar som er registrerte i andre land enn Noreg. Den mest brukte tenesta på nettstaden er konsesjonsregisteret. Det er eit søkbart register over alle føretak og personar som Finanstilsynet har tilsyn med.



## Brukarundersøking 2017

Kantar TNS (tidlegare TNS Gallup) gjennomførte ei ny brukarundersøking på oppdrag frå Finanstilsynet hausten 2017. Resultata frå undersøkinga skal gi grunnlag for å utvikle tilsynsverksemda.

1326 føretak blei inviterte til å delta. 819 føretak svarte på undersøkinga, noko som gir ein svarprosent på 62.

### Kva blei det spurt om?

I undersøkinga såg ein på desse faktorane:

- Saksbehandling og handheving av lover og regelverk
- Finanstilsynet sitt stadlege tilsyn
- Rapportering og analysar frå Finanstilsynet
- Informasjon frå Finanstilsynet
- Kommunikasjon med Finanstilsynet
- Kompetansen til Finanstilsynet

### Hovudresultat

Resultata er oppsummerte for tilsynet samla sett, men det er òg gjort analysar for ulike føretaksgrupper. Svara på dei fire første spørsmåla i undersøkinga tyder på at føretaka generelt er nøgde med Finanstilsynet. 9 av 10 føretak vurderer Finanstilsynet som ganske bra, svært bra eller uvanleg bra. Nær 9 av 10 føretak har stor tillit eller svært stor tillit til Finanstilsynet. Samla sett blir Finanstilsynet vurdert på om lag det same nivået som i 2013.

Resultata blir presenterte ved ein såkalla TRI\*M Indeks. Ein indeksverdi over 75 poeng er normert til ein sterk kunderelasjon (uavhengig av typen kunderelasjon), ein verdi mellom 50 og 75 poeng er normert til middels, og ein indeksverdi under 50 poeng er normert til svak. Den samla verdien for Finanstilsynet er på 73 poeng. Finanstilsynet skårar godt samanlikna med andre offentlege verksemdar, særleg med tanke på at brukarane er bedrifter og profesjonelle aktørar.

Brukarane er meir nøgde med Finanstilsynet i 2017 enn dei var i 2013 på mellom anna følgjande område (auke på 4 prosentpoeng eller meir basert på snittskår):

- Omfanget av analysane som blir offentleggjorde
- Rapportering til finansstatistikken
- Stresstestar for pensjonskassar
- Rapporten *Finansielt utsyn*
- Finanstilsynets årsmelding
- Rapporten *Risiko- og sårbarhetsanalyse av finansforetakenes bruk av IKT*

På følgjande område er brukarane mindre nøgde med Finanstilsynet enn i 2013 (ein nedgang på 4 prosentpoeng eller meir basert på snittskår):

I tillegg ble det gjennomført 13 undersøkelser på bakgrunn av tips, hvor Finanstilsynet mottok redegjørelse fra inkassoforetakene i enkeltsaker og fulgte opp foretakene der dette var nødvendig.

Det ble tilbakekalt én foretaksbevilling og tre personlige inkassobevillinger i 2017. Tilbakekallene skyldtes store mangler som ble avdekket ved stedlige tilsyn i 2016. Ett tilbakekall skyldtes faktisk leders svært mangelfulle regnskapsføring. De to andre som mistet sin personlige inkassobevilling, hadde vært faktiske ledere i et foretak der det ble funnet alvorlige feil i klientmiddelbehandlingen ved tilbakeføring av overbetalte og udefinerte midler til skyldner. Finanstilsynet tilbakekalte også inkassobevillingen til dette foretaket.

**Figur 6: Inkassosaker knyttet til forbrukslån fordelt på aldersgrupper**

Kilde: Finanstilsynet



## Forvaltning

I 2017 ble det gitt 71 inkassobevillinger til enkeltpersoner eller foretak. Betydelige ressurser går med til å besvare henvendelser fra publikum, både skriftlig og over telefon. Henvendelsene gjelder i vesentlig grad påstander om brudd på god inkassoskikk og inkassokravenes rettmessighet.

## Regelverksutvikling

Våren 2017 ble inkassoloven endret. Endringene innebar at varslingsreglene nå er teknologinøytrale, det vil si at det ikke lenger er et absolutt krav om varsling på papir per post.

Høsten 2017 sendte Finanstilsynet brev til Justis- og beredskapsdepartementet der tilsynet uttrykte at inkassoloven bør revideres. Det er snart 30 år siden inkassoloven trådte i kraft. Loven ble til på en tid da

inkassovirksomhet ble utført på en annen måte enn i dag. Den teknologiske utviklingen har ført til at inndrivelsesprosessene blir automatisert i stadig større grad. I tillegg er rettskildebildet svært fragmentert, med uttalelser fra Finanstilsynet, Justis- og beredskapsdepartementet og i avgjørelser fra Finansklagenemnda. Dette er uoversiktlig og gjør det vanskelig å etterleve regelverket i inkassobransjen.

Finanstilsynet ser behov for å regulere og klargjøre nærmere hva som ligger i kravet til god inkassoskikk, hvordan et krav rettmessighet skal vurderes, klientmiddelbehandling og salærssystemet. I tillegg er det behov for å definere nærmere hva som er faktisk leders ansvar for kontroll med inkassovirksomheten og vurdere om det bør stilles ytterligere kompetansekrav til bevillingshaver. Videre ser Finanstilsynet det som viktig å fastsette regler for sider av inkassovirksomheten som i dag ikke er regulert, blant annet spørsmålet om inkassators uavhengighet, adgangen til utkontraktering, samt å trekke opp grensen mellom egen- og fremmed-inkasso.



**STYRING OG KONTROLL  
I VERKSEMDA**



# STYRING OG KONTROLL I VERKSEMMA

## Styringsstruktur og rapportering

Styret i Finanstilsynet, som er oppnemnt av Finansdepartementet for fire år om gongen, har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Finanstilsynsdirektøren, som er oppnemnd av Kongen i statsråd for eit åremål på seks år, med høve til å halde fram i seks år til, står for den daglege leiinga. Direktøren rådfører seg med ei leiargruppe som forutan finanstilsynsdirektøren består av avdelingsdirektørane for dei to tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren.

Finanstilsynet er delt inn i to tilsynsavdelingar<sup>1</sup> og éi administrasjonsavdeling som blir leidde av kvar sin avdelingsdirektør. Avdelingane er delte inn i seksjonar som blir leidde av kvar sin seksjonssjef. Funksjonar for mellom anna juridisk kvalitetssikring og internasjonal koordinering er plasserte i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for ekstern og intern kommunikasjon.

Verksemda til Finanstilsynet er lovregulert gjennom finanstilsynslova. Tilsynslova er supplert av særlovgiving på dei ulike tilsynsområda. Kwart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda som saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er grunnlaget for årlege tiltaksplanar. Strategien blir vedteken av styret (sjå kapittel II, side 7). Tiltaksplanane er grunnlaget for den løpande styringa og for rapporteringa til styret og departementet.

Styret har møte kvar månad og behandlar mellom anna viktige tilsynssaker, som utkast til forskrifter og konsesjonssaker, budsjett og tiltaksplanar for verksemda. Styret får jamleg rapportar om verksemda. Finanstilsynet møter Finansdepartementet i kvartalsvise møte. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsmeldinga og ein supplerande kortrapport om verksemda til departementet. I alle desse samanhengane er ein svært opptekne av å sikre god måloppnåing gjennom ein effektiv ressursbruk.

Finanstilsynet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet på alle område og utarbeider òg årlege risikoanalysar knytte til eiga verksemd. Desse analysane blir forankra i styret gjennom behandlinga av tiltaksplanen, og dei blir sende til Finansdepartementet, som følgjer dei opp i styringsdialogen.

Når det gjeld risikovurderingar som blir lagde til grunn i tilsynsarbeidet, er rapporten *Finansielt utsyn* eit sentralt grunnlagsdokument. Finanstilsynet har sidan 1994 regelmessig analysert og vurdert risikoen for finansielle

stabilitetsproblem i den norske finansmarknaden på bakgrunn av utviklinga i norsk og internasjonal real-økonomi og marknader. Vesentlege delar av vurderinga av lønnsøkonomi-, soliditets- og risikoutviklinga i enkeltforetak må gjennomførast på bakgrunn av den generelle tilstanden i økonomien og marknadene. Frå og med 2003 er desse vurderingane offentleggjorde i egne rapportar, som òg omtaler inntening, soliditet og likviditet i finansforetaka. I rapportane blir moglege kjelder til framtidige stabilitetsproblem i det norske finansielle systemet vurderte. *Finansielt utsyn* blir publisert i juni og november. Eit anna grunnlagsdokument er Finanstilsynet sin årlege analyse av risiko og sårbarheit knytt til bruken av IKT i finanssektoren (*ROS-analysen*).

Finanstilsynet er underlagt årleg revisjon frå Riksrevisjonen. Sjå kapittel VI Årsrekneskap, side 81.

## Internkontroll

Internkontrollen i Finanstilsynet er organisert i linja og er dermed ein del av den interne styringa i verksemda. Retningslinjer for rutinar, som til dømes budsjett-disponeringsmyndigheit og andre interne rettleiingar, gjer ansvaret og myndigheita tydeleg og bidreg til effektivt kontrollarbeid.

Leiinga følgjer jamleg opp tiltaksplanane til alle avdelingane og seksjonane. Dette skal sikre at ressursinnsats, måloppnåing og resultat er i tråd med prioriteringane og forventingane, og at eventuelle avvik blir avdekte, forklarte og eventuelt følgde opp. Slik oppfølging sikrar òg samhandling og at heilskapsperspektivet i verksemda blir vareteke.

Finanstilsynet heldt i 2017 fram arbeidet med informasjonstryggleik. Det blei gjennomført øvingar og haldningsskapande arbeid for å betre informasjons-tryggleiken.

Arbeidet med å førebu Finanstilsynet på nye krav i personvernforordninga og ny personopplysingslov er iverksett, og Finanstilsynet utnemnde eit internt personvernombod i 2017.

Det blei ikkje avdekt vesentlege svakheiter, feil eller manglar gjennom Finanstilsynet sin internkontroll i 2017.

Internkontrollen i Finanstilsynet gir eit godt grunnlag for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av relevant regelverk og interne retningslinjer og rutinar. Verksemda er prega av stor grad av stabilitet, og det oppstår sjeldan feil eller vesentleg sviakt i rutinane.

<sup>1</sup> Styret i Finanstilsynet vedtok i januar 2018 å etablere ei ny tilsynsavdeling for digitalisering og analyse. Organisasjonsendringa vil bli sett i verk i første halvår 2018.



Etter ei samla vurdering kom Finanstilsynet i 2013 til at det ikkje var behov for å etablere nokon internrevisjonsfunksjon, men at det var naturleg at spørsmålet blei vurdert på nytt dersom risikoforholda eller verksemda blei vesentleg endra. Etter ei fornya vurdering i 2016 meiner Finanstilsynet at det ikkje er nye risikoforhold eller endringar i verksemda som gjer det nødvendig å etablere nokon eigen internrevisjonsfunksjon. Behovet for dette vil bli vurdert på nytt seinast i 2020.

Finanstilsynet har ein eigen kontrollar som kvart år rapporterer til Finanstilsynet sitt styre.

Det blei etablert eit eige regime for internkontroll av IT-verksemda i 2016, og dette blei følgt opp med ein kontroll i 2017.

## Tryggleik og beredskap

Finanstilsynet legg stor vekt på å vareta tryggleiken og ha beredskap for moglege kriser i enkeltføretak, finansiell infrastruktur og marknader. I tillegg har tilsynet beredskap for eventuelle hendingar i eigen organisasjon. Det blir gjennomført jamlege øvingar for eventuelle kriser i føretak og marknader og i eigen organisasjon. Finanstilsynet nyttar støttesystemet CIM i beredskapsarbeidet. Det blir halde brann-/evakueringsøvingar to gonger i året i samarbeid med Noregs Bank.



## VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER



## VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Finanstilsynet følger utviklinga i makroøkonomiske hovudstorleikar og utfører stresstestar av bankane si evne til å møte ei negativ utvikling. Det er viktig at bankane har god soliditet og tilstrekkelege likviditetsbufferar til å møte ei svakare utvikling i norsk og internasjonal økonomi og ny internasjonal finansuro. Gjeldsveksten i hushalda heldt seg høg i 2017. Høge eigeomsprisar og høg gjeldsbelastning i hushalda gjer norsk økonomi utsett ved eit omslag.

Nye reglar for tapsavsetnader i bankane (IFRS 9) blei innførte frå 2018 (i første omgang berre for bankar med papir noterte på Oslo Børs). Finanstilsynet må vurdere om metodikken som er lagd til grunn, tilfredsstillar krava i regelverket, og om føretaka sine avsetnader er tilstrekkelege.

Det nye betalingstenestedirektivet (PSD 2) inneber at verdikjeda i betalingssystemet blir endra, og nye teknologibaserte tenester blir innførte. Finanstilsynet skal føre tilsyn med at tryggleiken og kundevernet blir tekne i vare av betalingstenesteleverandørane. Enkelte betalingsløyseringar kan få ei sentral rolle i marknaden og må følgjast særskilt. Det er venta eit vesentleg omfang av grensekryssande aktivitet, noko som vil krevje samarbeid med tilsynsmyndigheiter i andre land. Det er òg venta eit auka omfang av aktivitetar i randsona av konsesjonsplikt, som plattformar for folkefinansiering, som Finanstilsynet må ta stilling til. I tillegg er det ein auke i bruken av kryptovaluta som instrument for eigenkapitalfinansiering for å unngå regulatoriske krav. Også når det gjeld investering i kryptovaluta som spekulasjonsobjekt, er det ein auke.

Generelt fører digitaliseringar til hyppige endringar i prosessar og produkt på finansområdet. Ei rekkje land har etablert såkalla sandkassar, der nye føretak kan teste ut teknologiske løyseringar på finansområdet med rettleiing frå tilsynsmyndigheitene.

Finanstilsynet legg vekt på å rettleie aktørar som ønskjer informasjon i samband med etablering av verksemd som kan vere konsesjonspliktig. Høg grad av innovasjon vil kunne føre til auka pågang og reise regulatoriske spørsmål.

Kompleksiteten og sårbarheita aukar i takt med utviklinga på IKT-området og blir ytterlegare påverka av at nye aktørar kjem til. Utviklinga stiller krav til Finanstilsynet, som må forstå kva for risikoar som er knytte til dei ulike løyseringane og systema. Den operasjonelle risikoen inneber på den eine sida fare for at auka kompleksitet kan føre til feil internt i føretaka under tilsyn som følgje av teknisk eller menneskeleg sviikt. På den andre sida inneber han større fare for at føretaka under tilsyn eller infrastruktur-systema blir påverka utanfrå gjennom ulike former for nettbaserte angrep.

Høgt kostnadsnivå og strenge krav til kundevern og dokumentasjon har ført til at føretaka i mindre grad finn det rekningsvarande å tilby fysisk individuell kundebehandling. For Finanstilsynet vil det framover krevje meir å følgje opp at nettbaserte løyseringar tilfredsstillar krav til forsvarleg kundevern, identifikasjon, dokumentasjon og teknisk tryggleik.

På pensjonsområdet har det dei seinare åra skjedd ein gradvis overgang frå ytingspensjon til innskotspensjon med investeringsval. Dei nye produkta krev fagleg forsvarleg og balansert rådgiving. Både på forsikringsområdet og verdipapirområdet må Finanstilsynet sjå til at føretaka rettar seg etter god forretningsskikk i sals- og rådgivingsverksemda. Det er føretaka sitt ansvar å ha marknadsføringsmateriell med balansert informasjon om risiko og kostnader for kundane. Sjølv om dei nye pensjonsavtalane i hovudsak er innskotsbaserte, vil livsforsikringsføretaka dei nærmaste åra framleis ha stor restrisiko knytt til etablerte ytingsavtalar, inkludert fripolisar med garantert avkastning.

Vidare er det ein sterk auke i personleg pensjonssparing, mellom anna gjennom sparing i verdipapirfond. Det er òg lagt til rette for at slik sparing skal vere attraktiv, gjennom etablering av aksjesparekonto (ASK) og individuell pensjonssparing (IPS). Finanstilsynet må følgje opp at føretak som tilbyr slike produkt, tek vare på kundane sine interesser.

Som eit resultat av høgt tempo i innføringa av nytt felleseuropeisk regelverk og tilsynsharmonisering dei nærmaste åra, er det venta at Finanstilsynet framleis må bruke store ressursar på regelverksutvikling. I hovudsak vil det vere oppdrag frå Finansdepartementet i samband med gjennomføring av direktiv og forordningar som ein del av EØS-pliktene. I tillegg må Finanstilsynet bruke store ressursar på å delta i regelverksutvikling og tilsynssamarbeid i regi av dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene EBA, ESMA og EIOPA. Dette vil framleis utgjere ei stor utfordring for ressursstyringa i Finanstilsynet.

Ei anna side ved regelverksendringane som vil krevje ytterlegare systemutvikling og behandlingsskapitet, er aukande krav til rapportering til EBA, ESMA og EIOPA. Det dreier seg om relativt omfattande data henta inn frå norske finansføretak som skal inngå i den overordna overvakinga av finanssektoren i Europa, og om rapportering om korleis finanstilsyn etterlever europeiske tilsynsstandardar.

Gjennomføring og oppfølging av EUs krisehandteringsdirektiv (Bank Recovery and Resolution Directive), mellom anna i form av krav til årleg utarbeiding og oppfølging av institusjonsspesifikke gjenopprettingsplanar og avviklingsplanar, vil krevje mykje ressursar frå Finanstilsynet dei nærmaste åra. Med det nye regelverket



må alle bankar utarbeide gjenoppretingsplanar med konkrete og gjennomførbare tiltak for å handtere finansielle krisesituasjonar. Finansdepartementet har i lovforslaget som er til behandling i Stortinget, foreslått at Finansstilsynet skal vere krisehandteringsmyndigheit for bankane. Planane som bankane utarbeider, skal kvalitets-sikrast og godkjennast av Finansstilsynet. Tilsynet skal i tillegg fastsetje krav til nedskrivbar gjeld for kvar enkelt bank.

Nye EU-føresegner har ført til at Finansstilsynet sitt ansvarsområde er utvida ettersom verksemd knytt til handel i varederivat er regulert og underlagd tilsyn. På dette området vil Finansstilsynet etter kvart få nye ikkje-finansielle føretak under tilsyn. Føretak som handlar med råvarer, inkludert kraftselskap, blir til dømes underlagde den same reguleringa som verdipapirføretak. Det inneber at Finansstilsynet vil få ansvar for konsesjonsbehandling og medfølgjande tilsynsoppgåver. Omfanget av tilsynet sine oppgåver må her bli sett i samanheng med viktige norske derivatmarknader innanfor fleire råvaresegment, som fisk og energi, og tilhøyrande marknadspattformar for råvarederivat. På same måte fekk Finansstilsynet frå 2017 nye oppgåver ved at det europeiske marknads- og infrastrukturregelverket (EMIR) er gjennomført i norsk rett. Både finansielle og ikkje-finansielle føretak får rapporterings- og clearingplikt ved handel i derivat, og dette skal Finansstilsynet følgje opp. I tillegg er regelverket for marknaden for finansielle instrument (MiFID II / MiFIR)

omfattande, og det set store krav til kundevern og transparens knytt til handel i finansielle instrument. Det er sannsynleg at desse krava vil bidra til å endre forretningsmodellane til verdipapirføretaka.

Den sterke veksten i Finansstilsynet sine oppgåver har vore krevjande å handtere. Med auka ressursar vil Finansstilsynet ha betre føresetnader for å løyse oppgåvene sine framover. Tilsynet har i nokon grad effektivisert drifta gjennom digitalisering og endra arbeidsprosessar. Det viktigaste bidraget til effektivisering er likevel ei strengare prioritering av innsatsen på dei ulike tilsynsområda. Framleis auke i oppgåvene vil skjerpe kravet til effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar. Ei risikobasert tilnærming må liggje til grunn.

Utviklinga innanfor digitalisering stiller krav til Finansstilsynet på fleire område. Digitaliseringa har på kort tid ført til store endringar i måten finansføretaka og marknadene innrettar verksemda si på, men ho har òg ført til auka sårbarheit, som tilsynet må følgje opp. Nye forretningsmodellar og marknader baserte på digitale plattformar og produkt, som til dømes betalingstenester og robottenester, vil krevje tilpassa tilsynsmetodar. For å handtere desse oppgåvene og kravet om effektivisering av arbeidsprosessar i verksemda vedtok Finansstilsynet å opprette ei ny avdeling for digitalisering og analyse. Endringa blir sett i verk i første halvår 2018.





## ÅRSREKNESKAP



# ÅRSREKNESKAP

## Kommentar frå leiinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med reglement for økonomistyring i staten og er i tråd med dei grunnleggjande prinsippa for budsjettering og rekneskapsføring i reglar om økonomistyring og rundskriv frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedom og gjeld i Finanstilsynet i 2017.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. Budsjettet for 2017 til driftsutgifter (post 01) var opphavleg på 342,9 millionar kroner. Budsjettet auka med 2,1 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjeret. Inkludert overførte midlar på 12,4 millionar kroner frå 2016 var den samla disponible utgiftsramma til drift 357,4 millionar kroner.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øymerkt IT-utviklingsprosjekt, og ubrukte midlar kan overførast til seinare budsjettår, uavhengig av driftsutgiftene. I budsjettet for 2017 blei det løyvd 19,0 millionar kroner, og saman med overførte midlar på 2,3 millionar kroner var den disponible utgiftsramma 21,3 millionar kroner. Midlane blir nytta til å utvikle IT-system for å tilfredsstille europeiske rapporteringskrav og til nødvendig analyse av tilgjengeleg informasjon. Nye krav til tilsyn og tilsynsmetodar stiller òg omfattande krav til tilpassingar av system som støttar tilsynsarbeidet.

Finanstilsynet sitt utgiftsbudsjett blei frå 2015 redusert med 11 millionar kroner som følgje av ei ny nettoføringsordning for meirverdiavgift i statsforvaltninga. Betalt meirverdiavgift på varer og tenester som inngår i ordninga, skal utgiftsførast på ein sentral utgiftspost under Finansdepartementet. Betalt meirverdiavgift går likevel fram av løyverapporteringa til Finanstilsynet, jf. tabell 13, og skal reknast med i tilsynsavgifta. Utgiftene i 2017 summerte seg totalt til 369,7 millionar kroner, ein nedgang på 0,8 prosent frå 2016. Mindreutgifter for post 01 *Driftsutgifter* blei 13,9 millionar kroner, som Finanstilsynet har søkt om å overføre til 2018. Mindreutgifter for post 45 blei 8,7 millionar kroner og er søkt overførte til 2018. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 256,8 millionar kroner, som var 2,8 prosent mindre enn i 2016. Lønn utgjer 69 prosent av det som er utgiftsført i 2017. Årslønnsveksten i staten er berekna til 2,4 prosent. Nedgangen i lønnsutgiftene kan forklarast med ei tilbakeføring av for høg betalt pensjonspremie til Statens pensjonskasse føregående år, samtidig som pensjonspremien for 2017 blei sett ned. Resultatet er at Finanstilsynet har betalt 10,3 millionar kroner mindre i 2017 enn det som blei betalt i 2016. Arbeidsgivar sin del av premien er grunnlaget for arbeidsgivaravgifta, noko som forklarar at også denne er mindre enn i 2016. Lønnsutgiftene utover

sosiale kostnader viser ein auke på 2 prosent frå 2016. Talet på årsverk var berekna til 271 ved utgangen av 2017, som er sju årsverk meir enn ved utgangen av 2016. Utbetalingar til investering og andre utbetalingar til drift (jf. artskontorrapportering) viser ein auke på 4,0 prosent frå 2016. Veksten skriv seg frå utstyrskjøp og utvikling av IT-system. Mindre utgifter til pensjonspremie enn forventta ved starten av året har gitt høve til å prioritere auka satsing på digitalisering. Krav til etablering av nye system for rapporteringar til EU held fram, og det medfører òg behov for nødvendige tilpassingar av eigne system.

Finanstilsynet krev gebyr for kontroll av prospekt etter verdipapirhandellova, for behandling av konsesjon til å drive verksemd som betalingsføretak, og for behandling av bevilling etter inkassolova. Frå og med 2017 er alle gebyrinntektene samla på post 03 *Saksbehandlingsgebyr*. Innbetalte saksbehandlingsgebyr viser ein vekst på 22,4 prosent samanlikna med 2016. Årsaka til auken er at det blei kontrollert fleire prospekt i 2017 samanlikna med i 2016. Det blei betalt inn gebyr på 11,2 millionar kroner, mot 9,7 millionar kroner i 2016. Sjå nærmare omtale i kapitlet Prospektkontroll – omsettelige verdipapirer på side 57. Utgiftene til Finanstilsynet blir etter finanstilsynslova § 9 dekte av institusjonar som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordelast på dei ulike institusjonsgruppene etter omfanget av tilsynsarbeidet. Fram til no har utrekning og betaling av tilskotet frå kvar tilsynseining skjedd etterskotsvis. Stortinget har vedteke at det frå 2018 er dei budsjetterte utgiftene i året som er utgangspunktet for fordeling. Tilsynsavgifta blir fordelt på det enkelte føretaket etter utfyllande reglar i forskrift.

Statens innkrevjingsentral krev årleg inn tilsynsavgift og andre gebyr på vegner av Finanstilsynet. Dette arbeidet omfattar òg rekneskapsføring og rapportering av innbetalingar i statsrekneskapen. For at biletet av årsrekneskapen til Finanstilsynet skal bli fullstendig, er desse tala sette inn i ein eigen kolonne i tabell 13: Oppstilling av løyvingrapporteringa for 2017.

Finanstilsynet sine utgifter for 2016 blei etter føregående høyring hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane sende til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2017. Det samla kravet utgjorde 362,2 millionar kroner. I alt 14 706 tilsynseningar blei omfatta av utlikninga. Av desse var 85 utanlandske filialar. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, med 11 182 einingar ved utgangen av 2017.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2017 skal liggje føre innan 1. mai 2018 og vil bli publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 27. februar 2018

**Morten Baltzersen**  
finanstilsynsdirektør



### Prinsippnote for årsrekneskapen

Finanstilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Inntekter og utgifter blir rekneskapsførte når dei blir betalte. Rekneskapen følgjer kalenderåret og inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgifter og inntekter skal først i rekneskapen med brutto beløp.

Finanstilsynet betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse, men følgjer ikkje føresegner som er fastsette i Finansdepartementet sitt rundskriv R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter fra 2017». Pensjonar blir førde i resultatrekneskapen etter faktisk berekna premie for rekneskapsåret. I 2017 er det berekna 10,4 prosent pensjonspremie av fast lønn opp til 12 G, mot 17,5 prosent i 2016. Av dette betaler arbeidstakaren 2 prosentpoeng. Pensjonspremien blir betalt på etterskot fordelt på seks terminar i året. Den siste terminen for kalenderåret forfell til betaling året etter. Det blir derfor ei periodeforskyving for den siste terminen kvart år. Utgiftene til arbeidsgivaravgifta blir berekna og rekneskapsførte for å vise dei totale lønnsutgiftene.

Finanstilsynet er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgangen til nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

### Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa med notar viser løyvingane som Finanstilsynet har hatt til disposisjon, saman med rekneskapsopplysningane som er rapporterte til statsrekneskapen.

Statens innkrevjingssentral er gitt belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, forutan kapittel 5580, post 70. Finanstilsynet har fått særskilt løyve til å fråvike krav til framstilling av løyvingsrapporteringar, slik dei er fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», punkt 3.4.3.2, ved å bruke fleire kolonnar. Rapporteringa frå Statens innkrevjingssentral går derfor fram av kolonnen «Postert av andre i samsvar med fullmakter». Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapen går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling».

### Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa med notar viser Finanstilsynet si rapportering til statsrekneskapen i 2017 etter standard kontoplan i rekneskapsåret med samanlikningstal for 2016.

Note 8 viser forskjellen mellom avrekninga med statskassen og mellomrekninga med statskassen. Avrekninga med statskassen viser summen av bokført beløp i fordringar og gjeld i kontospesifikasjonen til Finanstilsynet, mens mellomrekninga med statskassen viser fordringar og gjeld som er rapporterte til statsrekneskapen.

**Tabell 13: Oppstilling av løyingsrapportering for rekneskapsåret 2017**

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2017	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	357 427 000	343 496 005	13 930 995		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A, B	21 251 000	12 581 561	8 669 439		
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	13 580 621			
Sum utgiftsført					378 678 000	369 658 187			

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2017	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A	10 870 000	11 470 400	600 400	409 332	1 009 732
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.	A	500 000			829 239	329 239
5580	Sektoravgifter underlagde Finans- departementet	70	Bidrag frå tilsynseiningane	A	361 500 000	1 826 852	-359 673 148	360 215 657	542 509
5700	Arbeidsgivar- avgift SAP	72			0	31 397 645			
Sum inntektsført					372 870 000	44 694 897			

**Netto rapportert til løyingsrekneskapan** **324 963 290**

**Kapitalkontoar**

60050601	Noregs Bank KK / innbetalingar	25 665 841
60050602	Noregs Bank KK / utbetalingar	-351 465 459
716106	Endring i mellomverande med statskassen	836 329
Sum rapportert		0

**Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapan 31.12.**

		31.12.2017	31.12.2016	Endring
716106	Mellomverande med statskassen	-11 222 138	-12 058 466	836 329

**Note A Forklaring av samla tildeling**

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
1602 01	12 395 000	345 032 000	357 427 000
1602 45	2 251 000	19 000 000	21 251 000
4602 03		10 870 000	10 870 000
4602 86		500 000	500 000
5580 70		361 500 000	361 500 000

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgitte belastings- fullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastings- fullmakter	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		13 930 995		13 930 995	13 930 995	17 251 600	13 930 995
1602 45	«Kan overførast»	8 669 439		8 669 439	8 669 439	38 000 000	8 669 439

\* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, og summen av dei siste to åra med løyving for postar med stikkordet «kan overførast». Rundskriv R-2/2017 gir meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.



## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

### Mottekne belastingsfullmakter

Finansdepartementet har gitt Finanstilsynet fullmakt til å gjere bestillingar utover gitte løyvingar på kapittel 1602, post 45 på 10 millionar kroner. Finanstilsynet har ikkje nytta denne fullmakta i 2017.

Finansdepartementet gav i brev datert 7. april 2016 Finanstilsynet høve til å postere lønn til prosjektleiar for IT-utviklingstiltak på kapittel 1602, post 45.

### Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema.

### Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsført av andre)

Finanstilsynet har gitt Statens innkrevjingsentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

### Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Finanstilsynet er ikkje gitt meirinntektsfullmakt i 2017.

### Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 13 931 000 kroner. Beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og heile beløpet blir rekna som mogleg å overføre til 2017. Heile den ubrukte løyvinga på post 45 på 8 669 000 kroner kan overførast, etter søknad.

**Tabell 14: Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2017**

	Note	2017	2016
<b>Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	11 470 400	5 486 100
Innbetalinger frå tilskot og overføringer	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	0	0
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		11 470 400	5 486 100
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetalningar til lønn	2	256 811 620	264 213 424
Andre utbetalningar til drift	3	95 493 611	91 558 342
Sum utbetalningar til drift		352 305 231	355 771 766
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>340 834 831</b>	<b>350 285 666</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	3 772 335	3 850 530
Utbetaling til kjøp av aksjar	5	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
Sum investerings- og finansutgifter		3 772 335	3 850 530
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>3 772 335</b>	<b>3 850 530</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	1 826 852	687 426
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		1 826 852	687 426
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	0	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		0	0
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		31 397 645	32 745 339
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		13 580 621	13 127 122
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-17 817 024	-19 618 217
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		<b>324 963 290</b>	<b>333 830 554</b>
<b>Oversikt over mellomverande med statskassen</b>			
<b>Eigedelar og gjeld</b>		<b>2017</b>	<b>2016</b>
Fordringar		46 000	36 753
Kasse		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-11 439 035	-11 799 944
Skyldige offentlege avgifter		-316 825	-295 275
Anna gjeld		487 723	0
<b>Sum utestående med statskassen</b>	<b>8</b>	<b>-11 222 138</b>	<b>-12 058 466</b>



### **Forklaring på innhaldet i anna gjeld**

Konto 2997 er ein interimskonto som blir brukt ved feilinnbetalingar til Finanstilsynet sin bankkonto, og vil normalt berre ha inneståande beløp i korte periodar. Kontoen inngår i anna gjeld, og artskontorapporteringa viser at Finanstilsynet har eit tilgodehavande på

487 723 kroner per 31.12.2017. Ein feil i eit betalingsoppdrag som blei overført til bank i november, førte til at åtte fakturaer blei betalte dobbelt. Konto 2997 er brukt som interimskonto for dei beløpa som skal betalast tilbake. Anna gjeld viser det beløpet som ikkje er betalt tilbake 31.12.2017.



<b>Note 1 Innbetalinger frå drift</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Prospektkontrollgebyr	11 080 400	5 486 100
Gebyr betalings- og e-pengeføretak	390 000	0
<b>Sum innbetalinger frå gebyr</b>	<b>11 470 400</b>	<b>5 486 100</b>
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringer</i>		
<b>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
<b>Sum sals- og leigeinnbetalinger</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre innbetalinger</i>		
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>11 470 400</b>	<b>5 486 100</b>
<b>Note 2 Utbetalinger til lønn</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
Lønn	208 260 427	204 119 393
Arbeidsgivaravgift	31 397 645	32 745 339
Pensjonsutgifter	18 231 149	28 520 285
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 556 065	-6 489 358
Andre ytingar	5 478 464	5 317 766
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>256 811 620</b>	<b>264 213 424</b>
<b>Tal på årsverk</b>	<b>271</b>	<b>264</b>

Talet på årsverk er talet på tilsette ved årsskiftet, korrigert for stillingsprosent.

Direktoratet for økonomistyring tilrår å bruke ei anna utrekning av årsverk i oppstillinga. Utrekninga blir kalla «standard effektive årsverk», og er henta direkte frå lønssystemet. Utrekninga viser 244 årsverk for 2017, og er eit betydeleg lågare tal enn det eiga telling i Finanstilsynet viser. Forskjellen er at alt sjukefråvær, velferdspermisjonar, og mellombels ledige stillingar gjennom året blir trekte frå berekninga av effektive årsverk.

<b>Note 3 Andre utbetalinger til drift</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
Husleige	17 975 248	17 362 592
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	158 353	45 285
Andre utgifter til drift av eigeidom og lokale	6 414 523	6 021 511
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr o.a.	1 216 924	690 578
Kjøp av mindre utstyr	373 527	467 344
Leige av maskinar, inventar og liknande	9 072 480	7 358 362
Kjøp av framande tenester	34 905 418	34 015 646
Reiser og diett	6 232 070	6 189 247
Andre driftsutgifter	19 145 067	19 407 777
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>95 493 611</b>	<b>91 558 342</b>





<b>Note 4 Finansinntekter og finansutgifter</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<hr/>		
<b>Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	461 337	2 551 140
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Beredskapsanskaffingar	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	3 310 998	1 299 391
<b>Sum utbetalt til investeringar</b>	<b>3 772 335</b>	<b>3 850 530</b>
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og partsdelar	0	0
<b>Sum utbetalt til kjøp av aksjar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<hr/>		
<b>Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
Bidrag frå tilsynseiningane	1 826 852	687 426
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>	<b>1 826 852</b>	<b>687 426</b>
<hr/>		
<b>Note 7 Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
<b>Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen		31.12.2017 Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	31.12.2017 Spesifisering av rapportert utestående med statskassen	Forskjell
<b>Finansielle anleggsmidler</b>	Investeringar i aksjar og partsdelar*	0	0	0
	Obligasjonar	0	0	0
	<i>Sum</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmidlar</b>	Kundefordringar	11 413	0	11 413
	Andre fordringar	46 000	46 000	0
	Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
	<i>Sum</i>	<b>57 413</b>	<b>46 000</b>	<b>11 413</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>	Anna langsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>	Leverandørgjeld	-3 275 921	0	-3 275 921
	Skyldig skattetrekk	-10 800 438	-11 439 035	638 597
	Skyldige offentlege avgifter	-333 483	-316 825	-16 657
	Anna kortsiktig gjeld	2 775 432	487 723	2 287 710
	<i>Sum</i>	<b>-11 634 410</b>	<b>-11 268 138</b>	<b>-366 272</b>
<b>Sum</b>	<b>-11 576 997</b>	<b>-11 222 138</b>	<b>-354 859</b>	

\* Verksemder som eig finansielle anleggsmidler i form av investeringar i aksjar og selskapsdelar, fyller òg ut note 8 B. Finanstilsynet eig ikkje aksjar og selskapsdelar, og note 8 B er derfor ikkje utarbeidd.



**FINANSTILSYNET**

Revierstredet 3  
Postboks 1187 Sentrum  
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00

Faks 22 63 02 26

[post@finansstilsynet.no](mailto:post@finansstilsynet.no)

[finansstilsynet.no](http://finansstilsynet.no)